

**Saksnr:** 2023/32062-10**Saksbehandlar:** Åge Avedal**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		20.09.2023

**Spelemidler til kulturbygg i Vestland, tildeling 2023**

## Forslag til vedtak

- Hovudutval for kultur, idrett og inkludering løyver tilskot til kulturbygg i Vestland. Til fordeling er
  - 9 290 333 kr i spelemidler via Kulturdepartementet
  - 84 178 kr i midlar avsett til ev. klagehandsaming frå 2022
  - 44 520 kr i rentemidler frå bankkonto/fond Sogn og Fjordane 2022
  - 168 052 kr i rentemidler frå bankkonto/fond frå Hordaland/Vestland 2022

Hovudutvalet vedtek å løyve totalt 9 501 000 kr i tilskot til kulturbygg i Vestland 2023 slik:

Søkjjar	Kommune	Tiltak	Tilråding
ALVER KOMMUNE	Alver	Ny hall og skule tilrettelagt som lokalt kulturbygg	750 000
ASKVOLL SAMFUNNSHUS	Askvoll	Vindauge og fasade	295 000
FOLLESE KULTURSENTER	Askøy	Kultur- og aktivitetssenter for alle – uansett alder, tro, etnisitet, interesser og kulturell tilhørighet.	600 000
ASKØY KOMMUNE	Askøy	Kultursal i nytt skolebygg	Avslag
AUSTEVOLL KOMMUNE	Austevoll	Ombygging av elevaula til kultursal	750 000
AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS SA	Austrheim	2 tiltak på Austrheim Samfunnshus ved Austrheim Samfunnshus - kulturbygg	Avslag
GALLERI OKER, SVEITSERVILLAEN PÅ NESTTUN	Bergen	Stall bygget i 1887 ønskes rehabilitert for atelier/verksted/undervisningssted til nyutdannede kunstnere.	Avslag
NORSK JERNBANEKLUBB, GAMLE VOSSEBANEN	Bergen	Utbedring gulv, HMS-tiltak ventilasjon og varmpumper	Avslag
STIFTELSEN [...] FRIDTJOF SUNDTS KJEGLEBANE OG MUSIKKHALL	Bjørnafjorden	4 tiltak på Fridtjof Sundts Musikkhall og Kjeglebane ved Skorpo	256 000
EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS	Bjørnafjorden	Ombygging / fornying av vestibyle, gang, sal	424 000
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Bjørnafjorden	Ny aktivitetssal. Kulturdel med scene og lagerrom. Forskulebruk og fritid.	Avslag

DALEN GRENDALAG	Bremanger	Grendahuset «Dalheim».	Avslag
SKAKKE SA	Etne	Kjøkken og uteplass i den gamle delen av Skakke. Bygget er frå 1979.	Avslag
VENER AV NILSBUA	Fjaler	Bygging av toalett og kjøkken i tilbygg (skuten)	Avslag
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Ny skule på Dingemoen med fleirbrukshall som kan nyttast til kulturelle arrangement.	Avslag
DALE UNGDOMSLAG	Fjaler	Bygg av handikoptoalett	Avslag
DALE UNGDOMSLAG	Fjaler	Vøling av tak og skifte av ytterkledning.	973 000
NORMISJON MØTEPUNKT B	Gloppen	Universell tilgang; rampe til hovudetasje, HCWC i hovudetasje, brannvernanlegg, elektrisk oppgradering, 2 inngangsdører	Avslag
NORDGULFJORDEN GRENDAHUS	Gulen	Nordgulfjorden Grendahus	Avslag
SKIFJORD GRENDELAG	Hyllestad	Ombygging/rehabilitering av: Sanitæranlegg på ballbinge ved Skifjorden	Avslag
ØEN GRENDALAG	Hyllestad	Nytt kjøkken Vonheim grendahus.	Avslag
HØYANGER KOMMUNE	Høyanger	Universell tilkomst, rehabilitering av tekniske anlegg	750 000
REKSTA UNGDOMSLAG	Kinn	Ombygging av utedo til toalett med innlagt vatn. Rehabiliterer kjøkken	102 000
FLORØ SANITETSFORENING	Kinn	Handikoptoalett, ombygging av eksisterende toalett, garderobe og vaskerom.	Avslag
KINN KOMMUNE	Kinn	Rehabilitering av tak	Avslag
STAVØY GRENDELAG	Kinn	grendahus	400 000
FOLKETS HUS	Kvam	Kjøken	320 000
ROSENDAL SAMFUNNSHUS SA	Kvinnherad	4 tiltak på Rosendal samfunnshus - Kulturhus ved Rosendal samfunnshus	Avslag
OMVIKDALEN UNGDOMSLAG	Kvinnherad	Nytt tak på bygdehuset Dalheim og ny bordkledning	Avslag
FJELBERG BYGDALAG	Kvinnherad	Rehabilitering av kjøkken, ventilasjon, brannsikring m.m.	Avslag
JOSTEDAL UNGDOMSLAG	Luster	2 tiltak på Dølaheimen ved Dølaheimen ungdomshus	Avslag
SOLHEIM GRENDAHUS SA	Masfjorden	3 tiltak på Solheim grendahus ved Solheim grendahus	Avslag
MJELDALEN UNGDOMSLAG	Osterøy	Utvide lagerbod og lagring av kostymer og rekvisita.	Avslag
VETLEFJORDEN IDRETTSLAG	Sogndal	Kjøkken, bygd i 1986	Avslag
BRYGGJA GRENDAHUS SA	Stad	Skifte av tak, vindu og deler av kledning.	Avslag
HENNEBYGDA SAMFUNNSHUS	Stad	2 tiltak på Hennebygda Samfunnshus ved Hennebygda Samfunnshus	Avslag
STORD KOMMUNE	Stord	Lokalt kulturarena med scene, amfi og bibliotek	Avslag
GJESTHALLA	Sunnfjord	Rehabilitering av Gjesthalla.	327 000
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	tak	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	Ombygging og oppstart av meirope Førde bibliotek	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	Gaular folkebibliotek: Hovudbiblioteket	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	Kombinasjonsbibliotek på Skei skule	Avslag
VÅRVON UNGDOMSLAG	Sunnfjord	Riving av ekst. tilbygg og oppføring av nytt	384 000
FØRDE NORMISJON	Sunnfjord	Bytte vindauge i hovudetasjen. Utbetring aktivitetssal og scene.	Avslag

KYSNESSTRAND UNGDOMSLAG	Ullensvang	Påbygg handikoptolett og rehab. toalettanlegg	Avslag
TORSNES UNGDOMSLAG	Ullensvang	Tilbygg nytt kjøkken	Avslag
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet	600 000
VAKSDAL KOMMUNE	Vaksdal	Bibliotek	Avslag
GRENDAHUSET LJOSHEIM	Vaksdal	Oppgradering og bevaring av Grendahuset Ljosheim	570 000
VIK UNGDOMSLAG	Vik	Isolering av tak og vegger. Rehabilitering av underetasje med WC avdeling m.m.	Avslag
FOLKEDAL UNGDOMSLAG FUL	Voss	Renovering av kjøkken	Avslag
M12 GRUPPEN AS	Øygarden	"Kulturterminalen i Øygarden" - produksjonslokaler for scenekunst-, musikk- og filmproduksjon.	Avslag
M12 GRUPPEN AS	Øygarden	Industri lokaler til fullskala prøvelokaler for tverrfaglig kulturproduksjon.	Avslag
Bergen kommune	Bergen	Sentralbadet scenekunsthus	2 000 000
		<b>SUM</b>	<b>9 501 000</b>

2. Følgjande er ikkje godkjente søknader, då dei ikkje stettar krava i retningslinjene:

Søklar	Kommune	Skildring	Tilråding
FLÅM SAMFUNNSHUS	Aurland	4 tiltak på Flåm samfunnshus ved Flåm samfunnshus	Ikkje godkjent
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Reparere tak	Ikkje godkjent
SOLDAL OG SKÅRE GRENDAALAG	Kvam	Utbetring av tak	Ikkje godkjent
FRILUND UNGDOMSHUS - LÆRDAL UNGDOMSLAG	Lærdal	5 tiltak på Lærdal ungdomshus Frilund ved Lærdal ungdomshus	Ikkje godkjent
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	3 tiltak på Gamlebanken ved Gamlebanken	Ikkje godkjent
TYSNES UNGDOMSLAG	Tysnes	Vonheim. Oppgradering av bygg og ombygging av bygg.	Ikkje godkjent
MYRKDALEN UNGDOMSLAG	Voss	Nytt Eldhus ved Myrkdalen Ungdomshus.	Ikkje godkjent

3. Det vert sett av 86 083 kr til klagebehandling.

## Samandrag

Det har i 2023 kome inn i alt 60 søknader om tilskot til kulturbygg i Vestland. 53 av søknadene er tilrådd godkjent, då dei stettar krava i tilskotsordninga. Godkjent søknadssum er på 36 774 038 kr. Avdelingsdirektør tilrår å nytte spelemidlar fordelt av Kulturdepartementet, rentemidlar og midlar sett av til klagehandsaming frå 2022, totalt 9 501 000 kr. Det vert også sett av midlar til eventuell klagehandsaming.

2 mill. kr av spelemidlane blir nytta til delbetaling av fylkeskommunen sin andel av tilskot til Sentralbadet scenekunsthushus, i tråd med budsjett 2023, vedtatt av fylkestinget i desember 2022. Avdelingsdirektør er nøgd med at Kulturdepartementet har auka rammene i tilskotsordninga, slik at det i 2023 er om lag 3,2 mill. meir til fordeling enn føregåande år. Midlane til fordeling er likevel langt unna å fylle behovet for tilskot til kulturbygg i Vestland, og det er eit stort etterslep.

**Per Morten Ekerhovd**

Avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

**Tone Stedal Haugland**

Konst. seksjonssjef  
Kulturutvikling -KFO

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Vestland fylkeskommune - desentralisert ordning til kulturbygg - tilskot av spelemidlar til kulturforemål 2023 .docx.pdf
- 2 Spelemidlar kulturbygg 2023, tilråding og grunngjeving

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom spelemidlane, og blir fordelt av fylkeskommunane.

Speleoverskotet til Norsk Tipping AS frå 2022 vart fordelt i statsråd 5. mai 2023, og fylkeskommunane fekk brev frå Kulturdepartementet om fordelinga til kulturbygg i juni. Departementet har fordelt 86 250 000 til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Her er den fylkesvise fordelinga:

Viken	15 247 331
Oslo	9 435 149
Innlandet	6 967 350
Vestfold og Telemark	7 023 249
Agder	5 942 937
Rogaland	7 511 074
Vestland	9 290 333
Møre og Romsdal	5 475 578
Trøndelag	7 804 813
Nordland	5 529 806
Troms og Finnmark	6 022 380

Kommunane lyser ut og set eigne lokale søknadsfristar til tilskotsordninga. Fylkeskommunen sender ut varsel om ordninga i brev til kommunane i januar kvart år. Alle søknader går via anleggsregisteret.no, og kommunane i Vestland har frist til 30. april med å gå gjennom og sende vidare søknader som er funne i orden til fylkeskommunen. Ved fristen 30. april var det registrert 60 søknader om tilskot til kulturbygg i anleggsregisteret. Det var totalt 25 nye, 33 fornya og 2 gjentekne søknader ved årets søknadsrunde.

Fylkeskommunen behandlar søknadene etter at dei er sendt over frå kommunane, for å sjå om dei stettar krava i retningslinjene for ordninga. Alle kommunar med søknader som inneheld manglar blir kontakta undervegs for å kunne rette opp i søknadene, og mange av desse blir endeleg godkjent etter denne runden. I 2023 er i alt 53 av 60 innsendte søknader godkjent og sett som «formelt i orden» i anleggsregisteret.

Trass i at mange søknader er godkjent i anleggsregisteret er det forholdsvis få som blir tilrådd tilskot. Dette grunna tronge økonomiske rammer i ordninga. I 2023 er det godkjent søknader for nesten 37 mill. kr, medan det berre er om lag 9,5 mill. kr til fordeling. Av i alt 53 godkjente søknader er 15 tilrådd tilskot. I tillegg blir 2 mill. kr av spelemidlane løyvd som delbetaling av fylkeskommunen sin andel av tilskot til Sentralbadet scenekunsthus.

Dei to gjentekne søknadene er tilrådd tilskot, då dei gjennom tidlegare vedtak har fått løyving over fleire år. Dei andre søknadene som er tilrådd tilskot er fornya søknader. Desse er godkjent tidlegare, men har fått avslag pga. manglande rammer. Nokre av løyvingane er fleirårige, der heile søknadssummen er godkjent, men der tildelinga blir gjort over fleire år.

Avdelingsdirektør tilrår at hovudutvalet også tildeler rentemidlar frå 2022, i tillegg til spelemidlane frå Kulturdepartementet. Rentemidlane er frå bankkontiane der spelemidlane til kulturbygg er plassert fram til dei blir utbetalt til mottakarane.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sette i 2022 av 84 178 kr til eventuell klagebehandling. Det vart ikkje sendt inn klager på tildelingane i 2022, og avdelingsdirektør rår til at desse midlane blir nytta i 2023. Avdelingsdirektør tilrår vidare at det blir sett av 86 083 kr til eventuell klagebehandling i 2023.

### Føremål med ordninga

Tilskota skal bidra til eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

### Absolutte kriteria

Utdrag frå retningslinjene for tilskot til kulturbygg i Vestland:

2.6 Følgjande vedlegg skal følgje søknad:

- Dokumentasjon på kven som er eigar av tiltaket/bygget, jf. punkt 2.10.3.
- Vedtekter for bruken av bygget/arenaen.
- Framdriftsplan for tiltaket.
- Skriftleg presentasjon av tiltaket, inkludert ei behovsvurdering.
- Ved ombygging, modernisering og rehabilitering skal det liggje ved omtale av eksisterande drift og bruk av kulturbygget.
- Plan for bruk, drift og forvaltning av kulturbygget. Planen skal mellom anna gje opplysningar om brukstid og brukargrupper.
- Teikningar av bygget/lokala. inkl. ev. etasjar som ikkje er omfatta av tiltaket i søknaden.
- Teikningane skal ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha som inneheld skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.).
- Detaljert kostnadsoverslag for tiltaket. Administrasjonskostnadar, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjend totalkostnad.
- Finansieringsplan, som gjer greie for finansieringa av dei samla kostnadane med tiltaket.
- Søknaden må vere fullfinansiert. Dokumentasjon på finansiering må ligge ved søknaden.

#### Generelt:

Til fordeling frå Kulturdepartementet 2023:	9 290 333 kr
Rentemidlar tidl. Sogn og Fjordane 2022:	44 520 kr
Rentemidlar tidl. Hordaland / Vestland 2022:	168 052 kr
Klagemidlar frå 2022:	84 178 kr
<b>Totale midlar til fordeling 2023:</b>	<b>9 587 083 kr</b>

**Avsett til ev. klagebehandling: 86 083 kr**

Søknadsfrist for kommunane: 30. april (lokale fristar for søkjarar)  
 Vedtak kriteria/retningslinjer: [KULII 13. januar 2021](#)  
 Kriteria og informasjon om ordninga: [Nettsida vestlandfylke.no](https://nettsida.vestlandfylke.no)

Tal på søknadar totalt:	60
Tal på godkjente søknader:	53
Tal på søknader som er innstilt for tilskot:	16
Samla godkjent søknadssum:	36 774 038 kr

**Tilrådd til fordeling: 9 501 000 kr**

### Avdelingsdirektør sine overordna kommentarar til innstillinga:

Søknadene i år kjem frå bygg med ulik storleik, funksjon og eigarskap. Mange av søknadene er frå frivillige organisasjonar, ein stor del frå kommunar og nokre færre frå stiftingar o.l. Tiltaka det blir søkt om er i hovudsak til rehabilitering og modernisering. Avdelingsdirektør har lagt ei streng

prioritering til grunn for innstillinga, då det er godkjent søknader for nesten 37 mill. kr, medan det berre er om lag 9,5 mill. kr til fordeling.

Det er sett ned kriterium for vurdering av søknadene i retningslinjene for tilskotsordninga, vedtatt av hovudutvalet i møte 13. januar 2021. Kriteria er sett opp punktvis med bokstavar, som det blir referert til i grunngjevinga (vedlegg), og som vi viser til i saksframlegget vidare.

Vurderingskriteria er som følgjer:

- a) Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert.
- b) Fornya søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglande rammer.
- c) Kommunale prioriteringar vert følgde, så langt som råd.
- d) Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- e) Geografisk breidde i tildelingane.

I vurderingskriteria er det m.a. slått fast at «Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert.» (punkt a). Seks av dei godkjente søknadene i 2023 er frå kulturarenaer som kan ha ein regional funksjon:

- Skakkesenteret kulturhus, Etne kommune, søkt om 2,181 mill. kr.
- Flora samfunnshus, Kinn kommune, søkt om 1,835 mill. kr.
- Førdehuset, Sunnfjord kommune, søkt om 1,077 mill. kr.
- Sentralbadet Litteraturhus, Ullensvang kommune, søkt om 600 000 kr.
- M12 Gruppen, Øygarden kommune har to søknader, på 1 mill. kr og 1,05 mill. kr.

Avdelingsdirektør innstiller på å løyve midlar til Sentralbadet Litteraturhus. Dette er ein «gjenteken» søknad, som har rett på tilskot fram til heile den godkjente søknadssummen er tildelt. Avdelingsdirektør tilrår avslag på dei andre søknadane frå arenaer med regional funksjon. Dette for å kunne prioritere lokale kulturbygg innanfor dei tronge økonomiske rammene i ordninga. Dei regionale kulturarenaene har høve til å søkje fylkeskommunen om midlar via ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Skakkesenteret kulturhus (Etne kommune) og Flora samfunnshus (Kinn kommune) har søkt om tilskot via denne ordninga.

To av søknadene som er tilrådd støtte i 2023 er såkalla «gjentekne» søknader. Dette er godkjente søknader som har fått innvilga støtte tidlegare år, men der løyvinga er fordelt over fleire år. Dette gjeld søknadene frå

- Askvoll samfunnshus, Askvoll kommune (godkjent for 695 000 kr i 2022, med tilsegn over fleire år)
- Sentralbadet Litteraturhus, Ullensvang kommune (godkjent for 1,5 millionar i 2021, med tilsegn over fleire år)

I tillegg til dei «gjentekne» er 33 av søknadene såkalla «fornya» søknader. Dette er søknader som er godkjent av fylkeskommunen tidlegare år, men der det ikkje vart løyvd tilskot grunna manglande midlar. Avdelingsdirektør innstiller på å løyve midlar til fleire av dei fornya søknadene i 2023, då dette er eit av vurderingskriteria i retningslinjene (punkt b). Desse søknadene vart første gong godkjent i ordninga i 2020 eller i 2021.

Dei fleste søknadene som er tilrådd støtte er prioritert som nr. 1 i heimkommunen, i tråd med punkt c) i vurderingskriteria. Avdelingsdirektør innstiller på avslag på søknader som gjeld bibliotek. Dette grunna tronge rammer i ordninga, og fordi bibliotek er ei lovpålagt oppgåve for kommunane, og dermed ei kommunal oppgåve å finansiere. Av denne grunn tilrår avdelingsdirektør avslag på søknaden som er prioritert som nr. 1 frå Sunnfjord kommune, som gjeld Gaular folkebibliotek. Her er kommunen sin andre- og fjerde prioritet tilrådd tilskot (prioritet nr. 3 er ikkje godkjent).

I prioriteringane vidare har avdelingsdirektør lagt kriteria om «Geografisk breidde i tildelingane» (punkt e) spesielt til grunn. Det er godkjente søknader frå i alt 29 kommunar, og avdelingsdirektør innstiller på å løyve midlar til tiltak i 12 av desse. Avdelingsdirektør innstiller på å løyve midlar til eitt tiltak i kvar av desse kommunane, slik at midlane blir fordelt ut på flest mogleg kommunar. Dette av omsyn til kriteriet om geografisk breidde. Unntak er Kinn kommune, Sunnfjord

kommune og Bjørnafjorden kommune. Kinn kommune har fire godkjente søknader i ordninga, der to er tilrådd støtte. Sunnfjord kommune har seks godkjente søknader i ordninga, der to er tilrådd støtte. Bjørnafjorden har tre godkjente søknader, der to er tilrådd støtte. Bakgrunnen er at desse søknadene er fornya, og var første gong godkjent i 2020 eller 2021. Søkjarane har dermed stått relativt lenge på «venteliste» for å kunne bli tildelt midlar.

Avdelingsdirektør ser gjennom årets søknadsrunde at det er ei kraftig underfinansiering av kulturbygg med dagens spelemiddelordning. Dette trass i at Kulturdepartementet har styrka ordninga med 30 mill. kr på landsbasis i 2023, og med om lag 3,3 mill. kr i Vestland. Svært mange av dei godkjente søknadene er tilrådd avslag. Det vil vere vanskeleg å finne rom for tilskot til desse i åra framover, om fordelinga via Kulturdepartementet ikkje blir ytterlegare heva. Dette medfører stort etterslep, og kan betyr at mange prosjekt risikerer å bli sett på vent eller ikkje blir realiserte. Taparen er det lokale kulturlivet, som får dårlegare arenaer for innøving og utøving av m.a. teater, dans, kunst og musikk.

### Løyving til Sentralbadet scenekunsthus

Fylkestinget i Hordaland vedtok i sak 49/2018 i møte 12. juni 2018 å bidra til finansieringa av Sentralbadet scenekunsthus i Bergen. Fylkestinget gjorde då følgjande vedtak (punkt 1 og 2 av i alt 4 vedtakspunkt):

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthus.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.

Løyvingane til Sentralbadet scenekunsthus har blitt behandla som del av budsjettvedtak i Hordaland fylkeskommune i 2019 og Vestland fylkeskommune frå og med 2020. I 2019 vart 1 652 000 kr av spelemidlane til kulturbygg nytta som del av løyvinga på i alt 5 mill. kr. I 2020 og 2021 vart det ikkje nytta spelemidlar til dette tiltaket. Alle spelemidlane til kulturbygg vart då gitt som tilskot til søkjarar i tilskotsordninga, og budsjettposten gjekk i minus då heile løyvinga til Sentralbadet scenekunsthus vart finansiert med fylkeskommunale midlar. I 2022 vart 1 990 383 kr av spelemidlane til kulturbygg gitt som tilskot til Sentralbadet scenekunsthus.

Fylkestinget har i budsjett for 2023 vedtatt at 2 mill. kr av spelemidlane skal nyttast som delfinansiering av 5 mill. kr som er sett av til Sentralbadet scenekunsthus. Avdelingsdirektør tilrår at 2 mill. kr av spelemidlane blir sett av til tiltaket, i tråd med budsjettvedtaket. Dette medfører færre midlar til kulturarenaer som har søkt i ordninga i 2023. Avdelingsdirektør meiner ein ved seinare budsjettvedtak bør finansiere større tiltak, slik som Sentralbadet scenekunsthus, med fylkeskommunale midlar, framfor å bruke spelemidlar som burde ha vore nytta til lokale kulturarenaer som har søkt i tilskotsordninga.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje blitt invitert til å komme med uttale i saka.



## Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Spelemidlane blir fordelt av Kulturdepartementet, og fylkeskommunane har delegert mynde til å fordele vidare midlar innan ordninga desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Tilskot til kulturhus er eigen budsjettpost i budsjettet til Vestland. I budsjettet for 2023 er det vedtatt å nytte 2 millionar av spelemidlane til Sentralbadet scenekunsthuss, ein kulturarena som ikkje har søkt i tilskotsordninga. Dette betyr at det blir færre midlar til fordeling mellom søkerane i ordninga.

### Klima:

Mottakarar av tilskot til kulturbygg må gjennomføre tiltak i tråd med gjeldande lovreglar i plan- og bygningslova, som mellom anna set krav som gjeld miljø og berekraft.

### Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland 2020–2023 slår m.a. fast at gode kvardagsarenaer byggjer skaparkraft og identitet. I handlingsprogram for folkehelse 2020-2025 er eit av tiltaka å «Utvikle kultur- og aktivitetstilbod for alle». Kulturarenaer er relevante for å nå desse måla.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 finn vi kulturarenaer igjen i m.a.

- mål 3, Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 4.1, Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

Regional plan for kultur 2023-2035 *Kultur bygger samfunn* har satsing på kulturbygg- og arenaer som viktige mål og tiltak.

## Konklusjon

Kunst- og kulturlivet i lokalsamfunna i Vestland treng gode arenaer for å vekse og blomstre. Tilskot til kulturbygg i Vestland er med å realisere viktige tiltak for å modernisere kulturarenaene. Det er i 2023 godkjent 53 søknader frå kulturbygg med godkjent søknadssum på nesten 37 mill. kr. Avdelingsdirektør innstiller på å løyve tilskot på 9 501 000 kr til i alt 16 tiltak.

Avdelingsdirektør ser positivt på Kulturdepartementet si auke i spelemidlane til kulturbygg, men er uroleg over underfinansieringa og etterslepet som gjeld tilskot til kulturbygg.